



Tingvoll, 19.5.2024

Statens vegvesen
firmapost@vegvesen.no

SPØRSMÅL OM VEGMALING

Etter ein titt i fleire vegkantar finn vi betydelege mengde med fragment av vegmaling. Brøytepløgen har truleg skrapa laus både kvitt og gult belegg, og no ligg det i vegkanten som tynne flak. Mesteparten ligg så vidt utanfor asfaltkanten, men det finst nok litt lenger vekk også.

Vi går ut frå at vegmalinga slitast over tid. Det som skuldast bildekka blir vel slite vekk sakte og sikkert. Då vil jo innhaldet i malinga kunne ha ein verknad. Når brøytepløgen tar belegget, vil det i mindre grad bli finknust, men det kan bli ganske mykje av det etter kvart. Det kan vel også ha ein verknad. I alle fall ser det ikkje pent ut.

Dette belegget kostar sikkert pengar, så vi går ut frå at Statens vegvesen har omtrent same interesse som oss ved at svinnet blir minst mogleg.



Foto: Øystein Folden.

Vi ønskjer å få vite om det er stoff i malinga/belegget som påverkar naturen, skog og vassdrag.

Biletet er frå E39 ved Møkjavatnet i Tingvoll kommune. Her krysser vegen og går delvis parallelt med eit vassdrag som har ein bestand av elvemusling.

Med helsing

Øystein Folden
leiar